

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 16.03.2010 kl. 12.00 på
Rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 01/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 15.12. 2009
- ” 02/10 - Tilsynsrapport frå fylkesmannen i Møre og Romsdal om spesialpedagogisk hjelp før skolepliktig alder.
- ” 03/10 - Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune
- ” 04/10 - Orientering om frivillighetssentralen
- ” 05/10 - Om KRD si arbeidsgruppe for styrking av eigenkontrollen i kommunane

Eventuelt

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 15. 12. 2009 kl. 12.00
Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes

Elles til stades:

Anne Lise Hessen Følsvik, Ove Paulsen og Gunnar Morsund

= 4 voterande

Forfall: Petra Riste Synnes

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:
Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunen møte ordførar Knut Støbakk, leiar av teknisk eining Sveinung Valderhaug og planleggar Per Ivar Myklevoll.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 21/09
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6. OKTOBER 2009**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 6. oktober 2009 blir godkjent.

**SAK 22/09
OM AREALPLANLEGGING PÅ ALNES**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 01.10.2009.

Det kom fram at orientering om planlegging skjedde ved annonsering og i mindre grad ved brev. Derimot har det vore informasjonsmøte, samtalar og fellesbrev. Kommunen erkjente at ikkje alle mottekne brev har blitt svart på.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet konstaterer at ikkje alle mottekn brev har blitt svart på og viser til svarfristar på motteken post som går fram av forvaltningslova § 11a.
2. Kontrollutvalet vil innhente utarbeidde rutinar for motteken post over nyttår.

SAK 23/09

ORIENTERING OM STATSBUDDSJETT OG KOMMUNEØKONOMI

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.11.2009.

Kontrollutvalet sin samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 24/09

ORIENTERING OM BRØYTEBEREDSKAP

Orientering gitt av leiar av teknisk eining Svein Valderhaug samt utdeling av rutinar for snøbrøyting i Giske kommune

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ser det som positivt at rutinar for snøbrøyting er utarbeidd.
2. Kontrollutvalet tek saka til orientering

Møteslutt kl. 14.00.

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Ove Paulsen
medlem
(sign.)

Anne Lise Hessen Følsvik
medlem
(sign.)

Gunnar Morsund
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 08.03.2010

SAK 02/10
TILSYNSRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN OM SPESIALPEDAGOGISK HJELP
FØR SKULEPLIKTIG ALDER

Som vedlegg følger:

- Rapport frå fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Giske kommune 17.09.2009. Av rapporten går det fram to avvik:

1. *Giske kommune har ikkje eit system som i tilstrekkeleg grad sikrar at alle barn får same mulegheit til å få den hjelpa dei har fått tildelt etter enkeltvedtak og dermed har krav på etter opplæringslova § 5-7.*
2. *Giske kommune har ikkje eit forsvarleg system for å sikre at enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7 blir fatta i samsvar med reglane i opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova § 24.*

For øvrig blir det vist til vedlagte rapport. Rådmannen bli kalla inn til møtet for å gi nærare orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

TILSYN
MED
Giske kommune

TIDSROM: 17.09.2009

ARKIVKODE: 2009/4956

KOMMUNEN SI ADRESSE: Rådhuset, 6050 Valderøya

FYLKESMANNEN SI TILSYNSGRUPPE: Ole Arne Opstad, Jorunn Øen Nesje og Kari Bachmann

KONTAKTPERSON I KOMMUNEN: Pedagogisk konsulent Arnfinn Vartdal

Regelverk:

- Lov av 17. juli 1998 nr 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Tilsynet omhandla følgjande emne:

Tilsynet skal kontrollere om Giske kommune oppfyller krava som lova set til spesialpedagogisk hjelp før skulepliktig alder, jf. opplæringslova § 5-7, og om Giske kommune har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Fylkesmannen avdekka følgjande avvik under tilsynet:

Avvik 1. Giske kommune har ikkje eit system som i tilstrekkeleg grad sikrar at alle barn får same mulegheit til å få den hjelpa dei har fått tildelt etter enkeltvedtak og dermed har krav på etter opplæringslova § 5-7.

Avvik 2. Giske kommune har ikkje eit forsvarleg system for å sikre at enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7 blir fatta i samsvar med reglane i opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova § 24.

Dato: 21.12.09

Ole Arne Opstad
Seniorrådgivar

Jorunn Øen Nesje
Rådgivar

Kari Bachmann
Rådgivar

Innhald:

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Kravet til forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10
4. Nærmare omtale av kravet til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder, jf opplæringslova § 5-7.
5. Observasjonar i praksis
6. Vedtak om retting av avvik
7. Gjennomføring

Vedlegg:

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Deltakarar ved fylkesmannen sitt tilsyn

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Giske kommune den 17.09.09.

Tilsynet har retta merksemda mot kommunen si oppfyljing av krav innan det oppgitte emnet, og rapporten viser avvik som er avdekka under tilsynet. Rapporten gir såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som skule- og barnehageeigar.

Formålet med tilsynet er å vurdere om Giske kommune oppfyller krava som lova set til spesialpedagogisk hjelp før skulepliktig alder, jf. opplæringslova § 5-7, og om kommunen har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Tilsynet omfatta mellom anna undersøking av om:

- aktivitetar blir utført slik som dei er omtalt skriftleg og uttalt
- kommunen driv si verksemd innanfor eigne rammer og dei rammer som er fastsett nasjonalt.

Tilsynet er gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og ved verifikasjon av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis.

- AVVIK er mangel på oppfyljing av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet er:

- Korrespondanse mellom kommunen og fylkesmannen
- Dokumentasjon, jf. vedlegg 1
- GSI-rapportering

3. Kravet til forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10

Rettsleg grunnlag:

Opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang:

"Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skoleeigaren for privat skole etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-1 fjerde ledd."

Opplæringslova § 5-7 Spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder:

"Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbod om foreldrerådgiving. Hjelpa kan knytast til barnehagar, skolar, sosiale og medisinske institusjonar og liknande, eller organiserast som eige tiltak. Hjelpa kan også givast av den pedagogisk-psykologiske tenesta eller av ein annan sakkunnig instans. For spesialpedagogisk hjelp gjeld § 5-4 andre og tredje leddet i lova. § 5-5 andre leddet i lova gjeld så langt det passar."

Nærmare omtale av kravet til eit forsvarleg system, jf. Opplæringslova § 13-10

Skuleeigar er etter opplæringslova § 13-10 andre ledd pliktig til å etablere eit forsvarleg system til sikring av at lovkrav blir oppfylt gjennom planlegging, kartlegging og korrigering av eiga verksemd.

I Ot.prp. nr. 55 (2003-2004) heiter det at:

- Systemet skal vere "eigna til å avdekkje eventuelle forhold som er i strid med lov og forskrift".
- Systemet skal sikre "at det blir sett i verk adekvate tiltak der det er nødvendig".
- Eit forsvarleg system føreset jamleg resultatoppfølging og vurdering av om lovverket blir følgt.
- Skuleeigarane står fritt til å forme ut sine egne system, tilpassa lokale forhold.

Systemet skal bidra til at kommunen til ei kvar tid og uavhengig av enkeltpersonar, er i stand til å utføre lovpålagte oppgåver i medhald av lovkrava. Systemet skal ha eit innhald og ein funksjon som er eigna til å avdekke tilhøve som er i strid med lovverket og sikre at naudsynte tiltak blir sett i verk når det blir avdekkja tilhøve som er i strid med lov og forskrift. Vurdering/kartlegging og iverksetting av korrigerande tiltak skal gjerast kontinuerlig gjennom året.

Kommunen sitt system må vere nedfelt skriftleg og vere av ein slik art at kommunen kan dokumentere at systemet er tilstrekkeleg kjent i relevante delar av verksemda, det vil seie hos dei som har ein funksjon i systemet. Dette for å sikre høve til etterprøving og for å kunne realisere det formålet som systemet skal ivareta over tid og uavhengig av enkeltpersonar. Gjennom systemet må det definerast tydelege rolleforventningar med omsyn til arbeidsoppgåver, funksjon og mynde. Systemet skal innehalde ein omtale av korleis dette er implementert i organisasjonen. Det gjeld både rutinar for informasjon om regelverket, og korleis dei ulike oppgåvene som er omtalt skal gjerast kjent for relevante personar. Her under ligg det også at kommunen skal sørge for at det ligg føre rutinar for vurdering av utvikling og behov hjå førskulebarn. Dette inneber også at leiinga i barnehagane må vere innforstått med dei rutinar og prosedyrar som skal følgjast ved eventuell bekymring for utviklinga hjå eit barn. Kommunen må følgje opp om rutinane er etablert og følgt opp i praksis. I kommunen skal det også vere på plass rutinar for å kunne avdekke behov hos barn som ikkje er i barnehage. Slike rutinar kan til dømes vere lagt til helsestasjonen.

Systemet må også omtale korleis kommunen skal følgje opp og vurdere den spesialpedagogiske hjelpa til barn i førskolealder og korleis ein skal rapportere eventuelle avvik. Det skriftlege systemet skal med andre ord vise kva slags rutinar for kartlegging, vurdering, korrigering, kommunikasjon og samhandling som skal realisere systemet sitt formål, i dette til felles opplæringsloven § 5-7. Dette må vere gjennomført i organisasjonen, det må vere eigna til å avdekke tilhøve som er i strid med regelverket og det må vere eigna til å gjenopprette lovleg tilstand i dei tilfella kor det blir avdekka rettsstridige tilhøve.

Den skriftlege systemomtalen må bli revidert dersom det viser seg at systemet ikkje fungerer i praksis.

4. Nærmare omtale av kravet til spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder, jf opplæringslova § 5-7.

Minimumskrav med lovkommentar:

1. Kommunen skal ha eit system for kartlegging og oppfølging av barn med behov for spesialpedagogisk hjelp.

I følgje opplæringslova § 5-7 har førskulebarn som har eit særlig behov for spesialpedagogisk hjelp, rett til slik hjelp. Eit av formåla med den spesialpedagogiske hjelpa, er å bidra til at aktuelle barn skal bli betre rusta til å starte i grunnskolen. Det må bli gjort ei totalvurdering ut i frå fagleg skjønn for å avklare om vilkåret for å ha rett til spesialpedagogisk hjelp er oppfylt. Spesialpedagogisk hjelp kan omfatte leikotek, ulike trenings- og stimuleringsiltak og rettleiing av personalet i barnehagen.

2. Kommunen skal sikre at barn i førskulealder som har særleg behov for spesialpedagogisk hjelp får det uavhengig av om barnet går i barnehagen eller ikkje og uavhengig av barnet sin alder.

Det er ikkje noko nedre aldersgrense for kven som kan ha rett til spesialpedagogisk hjelp. Den spesialpedagogiske hjelpa kan gjennomførast i barnehage, skule, sosial eller medisinske institusjonar eller liknande. Den kan også bli organisert som eigne tiltak, til dømes i heimen. Denne hjelpa kan også bli gitt av den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) eller av ein annan sakkunnig instans. Det er kommunen som ut i frå ei totalvurdering avgjer kvar ein skal gi den spesialpedagogiske hjelpa.

3. Sikre at retten til spesialpedagogisk hjelp blir vurdert på sjølvstendig grunnlag, ut frå behova til barnet og uavhengig av den generelle tilrettelegginga for barnet.

Det er viktig at alle partar blir informert om og har kunnskap om "grensegangen" mellom opplæringslova § 5-7 og barnehagelova § 13, jf. Rundskriv F-02/2009. Sjølv når barnet går i barnehage, skal retten til spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 bli vurdert på sjølvstendig grunnlag, uavhengig av den generelle tilrettelegginga i barnehagen.

4. Sikre at saksbehandlinga for spesialpedagogisk hjelp følgjer prosedyrane i kapittel 5 i opplæringslova, jf. §§ 5-3, 5-4 og 5-5 andre ledd, her under at vedtaket skal vere så klårt og tydeleg at det ikkje er tvil om kva tilbod barnet får.

For å ivareta barna sin rettstryggleik følgjer det av reglane i opplæringslova § 5-3 at vedtak om spesialpedagogisk hjelp skal vere så klårt og fullstendig at det ikkje er tvil om kva hjelp førskulebarnet skal få. Tilbodet skal omtalas så klårt at

føresette kan vurdere om retten blir innfridd i praksis og vedtaket skal vere sjølvforklarande slik at det kan fungere uavhengig av ei eventuell utfyllande forklaring frå fagfolk. Kravet til presisjon gjeld også underlagsdokument som sakkunnig vurdering.

Vedtaket skal omhandle innhald, organisatorisk gjennomføring og omfang av den spesialpedagogiske hjelpa. Der kravet til presisjon krev at omfanget blir omtalt i form av timetall, skal omfanget omtalast på ein slik måte.

Vedtaket skal byggje på ei aktuell sakkunnig vurdering frå PP-tenesta. I grunnivinga for vedtaket skal det gå fram om det spesialpedagogiske tilbodet er i samsvar med den sakkunnige tilrådinga. Dersom vedtaket ikkje er i samsvar med sakkunnig vurdering, må kommunen som vedtaksmynde vise klårt og tydeleg korleis barnet i den aktuelle, konkrete situasjonen likevel vil få ivaretatt sin rett etter § 5-7.

Det er ikkje lovkrav til utarbeiding av individuell opplæringsplan, jamfør § 5-7 siste ledd. Fylkesmannen tilrår likevel at det blir utarbeidd ei plan som viser mål, innhald og organisering av den spesialpedagogiske hjelpa til førskulebarn.

Kommunen skal førebu, avgjere og fatte vedtak i saker om spesialpedagogisk hjelp utan ugrunna opphald, jamfør forvaltningslova § 11a. Manglande kapasitet er ikkje tilstrekkeleg grunngeving for lang ventetid. Kommunen må ha rutinar for å kunne fatte vedtak om spesialpedagogisk hjelp når behovet er dokumentert, det vil seie gjennom heile året.

Ei avgjer om å ikkje tildele spesialpedagogisk hjelp, er å sjå på som eit enkeltvedtak, jamfør forvaltningslova § 2b. Dersom et førskulebarn har sakkunnig vurdering om spesialpedagogisk hjelp, skal det fattast eit grunnlagt vedtak, enten spesialpedagogisk hjelp blir tilrådd eller ei.

Sakkunnig vurdering er eit sentralt underlagsdokument for enkeltvedtaket og den skal ivareta fleire funksjonar. Den sakkunnige vurderinga skal blant anna fungere som rettleiar i dei tilsette sitt arbeid med førskulebarnet. Vidare skal sakkunnig vurdering orientere dei føresette om kva vanskar barnets har og samtidig gi føresette eit grunnlag for å kunne vurdere vedtaket opp mot dokumenterte behov. Opplæringslova § 5-3 stiller krav til sakkunnig vurdering om å fastslå eksplisitt om barnet har eller ikkje har behov for spesialpedagogisk hjelp. Dersom det blir vurdert slik at barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp, skal utgreiinga vise tydeleg kva som er realistiske mål for barnet, barnet sine vanskar og dei tiltak som blir tilrådd i form av innhald, organisering og omfang.

Opplæringslova § 5-7 gir ikkje rom for å utelate barn som ein trur kan ha behov for spesialpedagogisk hjelp, frå å få ei sakkunnig vurdering. Dette inneber

mellom anna at nokre barn vil få avklart at dei ikkje har behov for spesialpedagogisk hjelp.

5. Sikre at tilbodet omfattar tilbod om foreldrerådgiving

Den spesialpedagogiske hjelpa skal alltid omfatte tilbod om foreldrerådgiving.

6. Sikre at den spesialpedagogiske hjelpa er gratis og at den ikkje blir finansiert av statstilskot til barnehagar, slik som øyremerka tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Her under sikre at ved utrekning av kor mye tid som går med til den spesialpedagogiske hjelpa, er det den faktiske hjelpa til barnet som tel.

Den direkte spesialpedagogiske hjelpa til barnet skal alltid vere gratis.

5. Observasjonar i praksis

I det følgjande blir det oppsummert og vurdert om Giske kommune har eit forsvarleg system, jf oppl. § 13-10 som tek i vare minstekrav etter oppl. § 5-7 - om spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder.

- 1) Kommunen skal ha eit system for kartlegging og oppfølging av barn med behov for spesialpedagogisk hjelp.

Fylkesmannen vurderar det slik at Giske kommune har eit forsvarleg system for å kartleggje barn og tilmelde barn til PPT. Alle barnehagane har mellom anna innført TRAS og "Alle med". Kommunen sitt system sikrar derimot ikkje at alle barn har dei same sjansane for å få den hjelpa dei har krav på. Sjå omtalen av avviket, lengre bak i rapporten.

Kommunen har eit årshjul for arbeid med spesialpedagogisk hjelp til førskulebarn. Her blir prosedyrar og fristar omtalt. Giske kommune har mange møteplassar for diskusjon og utveksling av informasjon mellom dei som er involvert i arbeid med spesialpedagogisk hjelp. Dette er til dømes det årlege novembermøtet, der dei tilsette i barnehagane kan ta opp bekymringssaker med PPT, samt styrarmøter og overføringsmøter for informasjonsutveksling mellom barnehage og skule. For utan dette, eksisterar det ein rekke samarbeidsrutinar mellom barnehagane og skulane i Giske kommune.

- 2) Sikre at barn i førskolealder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp får det, uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje og uavhengig av barnet sin alder.

Helsestasjonen i kommunen har rutinar for oppfølging av barn, og dei samarbeider med PPT om dette. Det har også vore tilfelle i kommunen der barn har motteke spesialpedagogisk hjelp i heimen. Det blir vurdert slik at helsestasjonen si oppfølging av barn vil kunne avdekke eventuelle behov hjå barn som ikkje går i barnehage.

- 3) Sikre at retten til spesialpedagogisk hjelp blir vurdert på sjølvstendig grunnlag, ut i frå behova til barnet og uavhengig av den generelle tilrettelegginga i barnehagen. Det inneber mellom anna at alle partar blir informert om og har kunnskap om "grensegangen" mellom opplæringslova § 5-7 og barnehagelova § 13, jf. Rundskriv F-02/2009.

Sjå punkt 4 og 6.

- 4) Sikre at saksbehandlinga for spesialpedagogisk hjelp følgjer prosedyrane i kapittel 5 i opplæringslova, jf. §§ 5-3, 5-4 og 5-5 andre ledd, her under at vedtaket skal vere så klårt og tydeleg at det ikkje er tvil om kva for tilbod barnet får.

Giske kommune har utarbeidd skriftlege rutinar for arbeidet med spesialpedagogisk hjelp i førskulealder. Ut i frå tilsynet sin gjennomgang, ser det ut til at desse rutinane og dermed også prosedyrane i kapittel 5 blir følgt. Men kommunen manglar prosedyrar for korleis ein grunngir eit vedtak som avvik frå PPT si vurdering og tilråding.

§ 5-3 omhandlar retten og plikta til å utarbeide ei sakkunnig vurdering og til å fatte enkeltvedtak. Under intervjuet kjem det fram positive tilbakemeldingar på arbeidet til PPT, sjølv om tenesta har kapasitetsproblem som gir noko lang ventetid, også for barn i førskulealder.

§ 5-5 andre ledd har krav om halvårleg rapport som skal greie ut og evaluere det arbeidet som er gjort og om utviklinga til barnet. Det er utarbeidd rutinar for slik rapportering. Desse rutinane gjennomgår hjelpa som er gjennomført, også når det gjeld foreldresamarbeid, internt samarbeid og tverretatleg samarbeid, samt vurdering av kor vidt måla i opplæringsplanen er nådd, kva ein har lukkast med og kva som må justerast fordi arbeidet ikkje har ført fram til den ønska utviklinga. Sjølv om det ikkje er lovpålagt, blir det også utarbeidd IOP for barn som får spesialpedagogisk hjelp.

5) Sikre at tilbodet omfattar tilbod om foreldrerådgiving

Foreldrerådgivinga er delegert til barnehagane, og det er avklart i enkeltvedtaket at den tildelte ressursen til spesialpedagogisk hjelp også skal omfatte tilbod om rådgiving til foreldra.

- 6) Sikre at den spesialpedagogiske hjelpa er gratis og at hjelpa ikkje blir finansiert av statstilskot til barnehagar, slik som øyremerka tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne. Her under sikre at ved utrekning av kor mykje tid som går med til den spesialpedagogiske hjelpa, er det den faktiske hjelpa til barnet som tel.

Giske kommune overheld kravet om at den spesialpedagogiske hjelpa skal vere gratis. Sjø å elles omtalen av avviket under punkt 4, om at assistentressursen som gjennom sakkunnig vurdering blir tilrådd etter opplæringslova § 5-7, delvis blir omdefinert til ein assistentressurs for tilrettelegging etter barnehagelova § 13 i enkeltvedtaket, utan at dette blir særskilt grunnlagt. Kommunen har høve til å avvike frå sakkunnig vurdering så lenge ein kan grunnge at eit slikt tilbod vil kunne oppfylle barnet sine behov og rett etter oppl. § 5-7. Det kjem fram av intervjuet at ein er usikker på grensegangen mellom spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova og tilrettelegging etter barnehagelova. Denne uavklarte grensegangen kan føre til at foreldre ved enkelte høve går glipp av frådrag i foreldrebetalinga, dersom delinga av assistentressurs mellom opplæringslova og

barnehagelova er grunna på eit uklårt skilje mellom dei to lovene og tiltaka som kjem ut av dei.

Omtale av avvik:

Avvik 1. Giske kommune har ikkje eit system som i tilstrekkeleg grad sikrar at alle barna får same mulegheit til å få den hjelpa dei har fått tildelt gjennom enkeltvedtak og har krav på etter opplæringslova § 5-7. Fylkesmannen vurderer ikkje kommunen si oppfølging av barn med behov for spesialpedagogisk hjelp som tilstrekkeleg. Under tilsynsbesøket er det gjennomgåande uttrykt bekymring for tilbodet til barn med særskilte behov. Med omsyn til at barn som går i enkelte barnehagar ikkje har tilgang på spesialpedagog, medan barn som går i andre barnehagar har tilstrekkeleg tilgang på spesialpedagog, så vurderer tilsynsgruppa det slik at Giske kommune har eit system som ikkje gir barna dei same rettane.

Kommunen fører jamleg tilsyn med barnehagane der spesialpedagogiske tiltak er tema, og korleis dette blir praktisert. Det kjem likevel ikkje klart nok fram at kommunen har eit system som tek ansvar for sjølve gjennomføringa av den spesialpedagogiske hjelpa i dei barnehagane som er råka av mangelen på spesialpedagogisk kompetanse i kommunen. Det er styrar i barnehagen som gis det overordna ansvaret for tilbod som blir gitt i barnehagen. I dei barnehagane ein ikkje klarer å skaffe spesialpedagogar, er det barnehagen sjølv som må setje inn tiltak. Sjølv om kommunen jamleg fører tilsyn med barnehagane, så finn ikkje fylkesmannen at kommunen i tilstrekkeleg grad sørgjer for å rettleie dei barnehagane som ikkje har tilgang på spesialpedagog, sjå til at tiltaka kjem på plass og kvalitetssikre den spesifikke hjelpa som blir gitt. Konklusjonen er at Giske kommune ikkje har eit tilstrekkeleg likeverdig og forsvarleg system, der alle barna har dei same mulegheitene til å få den hjelpa dei har krav på og har fått tildelt etter opplæringslova § 5-7.

Avvik 2. Nokre av vedtaka som er fatta av Giske kommune, om spesialpedagogisk hjelp i førskulealder, er ikkje utforma tilstrekkeleg i samsvar med krava i opplæringslova § 5-3 fjerde ledd. Giske kommune tildeler alltid den same ressursmengda som den sakkunnige tilrådinga. PP-tenesta skal som sakkunnig instans synleggjere kva rettar eit barn har ut i frå opplæringslova § 5-7, og tiltak som tildeles ut i frå dette er ei individuell rett. Barnehagelova ligg utanfor ei slik vurdering. Når Giske kommune i nokre høve tildeler halvparten av den tilrådde ressursen frå opplæringslova og den andre halvparten frå barnehagelova, så må dette sjåast som eit avvik frå tilrådinga i den sakkunnige vurderinga. Den delen som er tildelt ut i frå barnehagelova er ikkje å anse som ein del av ei individuell rett, men som eit generelt styrkingstiltak i barnehagen. Kommunen sitt vedtak er dermed i desse høva å forstå som avvikande frå den sakkunnige tilrådinga, og skal difor innehalde ei særskilt grunngjeving for dette avviket. Grunnlaget for avviket er dermed at kommunen ikkje grunngir kvifor ein

meiner at barnet likevel får spesialpedagogisk hjelp som oppfyller retten etter § 5-7, når tildelinga av ressursar avvik frå den sakkunnige vurderinga.

6. Vedtak om retting av avvik

Giske kommune blir med dette pålagt å etablere eit forsvarleg system, jamfør opplæringslova § 13-10, som:

- sikrar at alle barn får den same mulegskapen til å få den hjelpa dei har fått tildelt gjennom enkeltvedtak og har krav på etter opplæringslova § 5-7, og som
- sikrar at enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 blir fatta i samsvar med reglane i opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova § 24.

Dette er eit enkeltvedtak som kan pålagast etter forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er etter forvaltningslova § 29 tre veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er framkome. Utdanningsdirektoratet er klageinstans, men klagen skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

7. Gjennomføring

Tilsynet omfattar følgjande aktivitetar:

Varsel er utsendt 03.08.09

Opningsmøte er halde 17.09.09

Intervju er utført 17.09.09

Sluttmøte er halde 04.11.09.

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane ved tilsynet.

Dokumentunderlag for fylkesmannen sitt tilsyn

- Organisasjonskart for Giske kommune
- Delegeringsreglement for Giske kommune
- Årsmelding for Giske kommune 2008
- Barnehageplan for Giske kommune 2008-2011
- Strategiplan for oppvekst og læring Giske kommune 2007-2010
- Verksemdsplan for Vigra barnehage 2008
- Verksemdsplan for Vigra barnehage 2009-12-04- Årsplan for Vigra barnehage 2008-2009
- Kvalitetssikring av spesialpedagogisk hjelp for barn i førskulealder etter kapittel 5 i opplæringslova; Kommunale rutinar for spesiale pedagogisk hjelp i førskulealder
- Anonymiserte vedtak med tilhøyrande dokumentasjon for 4 barn frå Skjong barnehage
- Samarbeidsrutinar for barnehagar og skular i Giske kommune
- Kompetanseplan 2009

VEDLEGG 2

Oversikt over personar frå kommunen som var direkte involvert i tilsynet.

I tabellen under er det gitt eit oversyn over deltakarar frå kommunen under opningsmøte og sluttmøte, og over dei som vart intervjuet.

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Sindre Røsvik	Kommunalsjef	X	X	X
Ranveig Børø Szell	Styrar Vigra barnehage	X	X	X
Solfrid Haram	Spesialpedagog	X	X	X
Sonja Hellevik	Spesialpedagog/temaleiar	X	X	X
Hildegunn Roald	Einingsleiar	X		X
Susann Sønderland	Styrar Skjong barnehage	X	X	X
Arnfinn Vartdal	Pedagogisk konsulent	X	X	X

Frå fylkesmannen deltok Ole Arne Opstad, Jorunn Øen Nesje og Kari Bachmann.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 08.03.2010

**SAK 03/10
KONTROLLRAPPORT 2009 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
I GISKE KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Kontrollrapport 2009 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune

Staten har frå 01.07.2004 teke over det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkrevjarfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatterekneskapen, mens oppfølginga av den interne kontroll hos skatteoppkrevjar, blir utført av skattefuten.

I brev av 21.02.2005 kjem Skattedirektoratet med ei anbefaling til ny ordning for behandling av skatterekneskapen. Etter den nye ordninga er det føresett at dei kommunevise skatterekneskapa blir avgjeve ovanfor Skattedirektoratet v/skattefuten. Skatterekneskapen blir sett på som ein delrekneskap til Skatteetaten sin samla rekneskap. Den formelle revisjon er tillagt Riksrevisjonen, og vert utført som ein del av Riksrevisjonen sin kontroll av Skatteetaten si samla verksemd.

Riksrevisjonen sine konklusjonar etter den årlege revisjonen av skatterekneskapa vil bli kommunisert til Skattedirektoratet i avsluttande revisjonsbrev. Vesentlege og prinsipielle forhold vil i samsvar med gjeldande lover og reglar bli rapportert til Stortinget. Stortinget foretar desisjon (godkjenning) av Skatteetaten sitt samla rekneskap. Skattedirektoratet ser det difor ikkje lenger som naturleg at kommunestyret skal foreta ein formell desisjon av kommunen sitt skatterekneskap.

Etter ”*Midlertidig instruks for skattefogdens kontroll av skatteregnskapet*” skal skattefuten innan den 15. februar året etter rekneskapsåret utarbeide ein kontrollrapport for skatteoppkrevjarfunksjonen i den enkelte kommune. Denne omfattar også rekneskapskontrollen som blir utført av skatteetaten. Rapporten blir sendt til kommunestyret i den enkelte kommune med kopi til fylkeskommunen, Skattedirektoratet, Riksrevisjonen, skatteoppkrevjar og kommunen sitt kontrollutval.

Kommunestyret/kontrollutvalet skal etter det som er nemnt ovanfor ikkje lenger behandle sjølve skatterekneskapen, men får ved kontrollrapporten ei tilbakemelding på om skatteoppkrevjarfunksjonen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld også eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet set ingen formelle krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningspunkt.

Skatteetaten vil normalt ikkje møte ved ei eventuell behandling av kontrollrapport/skatterekneskap som kommunestyresak.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Giske kommune datert 12.02.2010 frå Skatteetaten til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar



Kommunestyret i Giske kommune
Rådhuset
6050 VALDERØYA

Kontrollrapport 2009 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen i Giske kommune

Vi har gjennomført kontroller knyttet til skatteoppkreverfunksjonen for Giske kommune for 2009. Regnskapet viser per 31. desember 2009 en skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorene (etter fradrag for avsetning til marginkonto) på kr 540 086 303 og utestående restanser² på kr 13 943 897. Skatteregnskapet er avgitt av kommunens skatteoppkrever den 21. januar 2010.

1. Oppgaver og kontroll

Grunnlaget for skatteetatens kontroll av skatteoppkreverfunksjonen er "*Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne*" av 29. november 2007.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkreverfunksjonen utøves tilfredsstillende i henhold til gjeldende regelverk på følgende områder:

- Ressurser og tilpasset organisering
- Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskapet
- Skatte- og avgiftsinnkrevning
- Arbeidsgiverkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkreverfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgavene med kontroll av skatteoppkreverfunksjonen.

2. Omfanget av kontrollen

Skattekontoret har i 2009 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkreverkontoret for områdene skatteregnskap, innkreving og arbeidsgiverkontroll.

Siste stedlige kontroll ble avholdt 21. mai 2008.

3. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll mener skattekontoret følgende:

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorene

² Sum åpne (ubetalte) forfalte debetkrav

- ***Ressurser og tilpasset organisering***

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at skatteoppkreverkontoret er organisert slik at gjøremålene i henhold til skatteoppkreverinstruksen kan utføres tilfredsstillende. Skattekontoret har ingen spesielle anmerkninger til kontorets ressursituasjon.

Det anmerkes imidlertid at det er avdekket følgende vesentlige forhold hvor gjeldende lov, forskrift eller instruks ikke er overholdt:

Skatteoppkrever har ikke sendt inn virksomhetsplan for 2009.

Etter Skatteoppkreverinstruksen § 2-2 nr. 2 skal Skatteoppkreveren som en del av den interne kontrollen utarbeide virksomhetsplan for kontorets virksomhet.

- ***Regnskapsføring, rapportering og avleggelse av skatteregnskap***

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk og gir et rettvise uttrykk for skatteinngangen i regnskapsåret.

- ***Skatte- og avgiftsinnkrevingen***

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av innkrevingsarbeidet og oppfølgingen av restansene i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk.

- ***Arbeidsgiverkontroll***

Etter en samlet vurdering finner skattekontoret at utførelsen av arbeidsgiverkontrollen i det alt vesentlige er i samsvar med gjeldende regelverk, retningslinjer og utføres i tilstrekkelig omfang.

4. Ytterligere informasjon om kontrollene

Skattekontoret har ikke gitt pålegg og anbefalinger etter sine kontrollhandlinger i 2009.

Vennlig hilsen

Rune Langsø Johansen
Rune Langsø Johansen
Avdelingsdirektør
Innkrevingsavdelingen
Skatt Midt-Norge

Stein-Ove Hjortland
Stein-Ove Hjortland

Kopi til:

- Kontrollutvalget i Giske kommune
- Skatteoppkreveren i Giske kommune
- Riksrevisjonen
- Skattedirektoratet

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 08.03.2010

SAK 05/10
OM KRØ SI ARBEIDGRUPPE FOR STYRKING AV EIGENKONTROLLEN I
KOMMUNANE

Som vedlegg følgjer:

- Ei spesifisering av 85 tilrådingar for styrking av eigenkontrollen i kommunane.

Arbeidsgruppa nemnt ovanfor leverte sin rapport 15. desember 2009. Et viktig formål med rapporten er rettleiing og kompetanseheving som kan bidra til at kontrollutval, revisjon og rådmann betre kan fylle sine roller i eigenkontrollsystemet.

Rapporten presiserer mange av dagens reglar, men gir også tilrådingar til lovendingar. Nokre av forslaga er lite konkrete.

Det er viktig at rådmannen skal rapportere til kommunestyret om arbeidet med internkontrollen (tiltak 25) og at dette bør kome som eit krav i kommunelova. Derimot er det litt uheldig at definisjonen på intern kontroll ikkje er heilt i samsvar med det som er gjengs i fagmiljøa i dag.

Vidare sviktar rapporten i å vere klar m.o.t. revisjonsmandatet. For kontrollutvalet er det eit særskilt viktig tema og det er også viktig i forholdet til arbeidsoppgåver for revisjon og kontrollutvalsekretariat.

Det blir lagt opp til ei drøfting av desse 85 punkta. Forøvrig er sjølve rapporten bes til og denne kan delast ut i dette møtet eller eit komande møte.

Harald Rogne
dagleg leiar

13 Oversikt over tilrådingane i del 2

TILRÅDINGAR OM KONTROLLUTVALET

- Tilråding 1: Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet, saman med formannskap og ordførar. På dette punktet bør kommunelova § 17 nr. 2 og 3 endrast.
- Tilråding 2: Det er behov for rettleiing om arbeidet i kontrollutvalet som er tilpassa behova til medlemmene i utvalet.
- Tilråding 3: Medlemmene i kontrollutvalet må få opplæring. Det er eit ansvar for kommunestyret å sørge for slik opplæring og tilstrekkelege ressursar.
- Tilråding 4: I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kva slags yrkes- og organisasjonserfaring, utdanning og forhold til andre folkevalde organ ein er tent med å ha i kontrollutvalet.
- Tilråding 5: I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kor mange medlemmer det bør vere i kontrollutvalet.
- Tilråding 6: Av pedagogiske omsyn bør kommunelova § 77 nr. 2 endrast slik at medlemmer i kommunestyrekomitear etter kommunelova § 10a kjem med i opprekninga av kven som er avskorne frå val til kontrollutvalet.
- Tilråding 7: Leiarar og styremedlemmer i kommunalt åtte selskap bør ikkje kunne sitje i kontrollutvala. Kommunelova bør endrast på dette punktet, og ein aktuell ordlyd i ei ny setning i § 77 nr. 2 kan vere: *"Det samme gjelder den som er leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for et selskap mv. som kan være gjenstand for selskapskontroll, jf. § 77 nr. 5."*
- Tilråding 8: Kommunelova bør endrast slik at møta i kontrollutvalet som hovudregel er opne møte. Konsekvensane for det praktiske arbeidet i kontrollutvalet bør bli nærare utgreidde, og det er behov for rettleiing til kontrollutvala før lovendinga eventuelt blir sett i verk.
- Tilråding 9: Ordninga med eige sekretariat for kontrollutvalet bør bli evaluert.
- Tilråding 10: Kompetansen og ressurstilgangen i sekretariata bør kartleggjast.
- Tilråding 11: Forskrifta om kontrollutval bør slå fast at korkje medlemmer av kontrollutvalet eller medlemmer av kommunestyret kan vere sekretær for kontrollutvalet. Ein aktuell ordlyd i kontrollutvalsforskrifta § 20 tredje ledd kan vere: *"Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens eller fylkeskommunens administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgaver for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen, kan ikke utøve sekretariatsfunksjoner for kontrollutvalget. Det samme gjelder medlemmer av kontrollutvalget eller kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen."*

TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN

- Tiltråding 12: Kommunane må arbeide for å styrkje internkontrollen. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med arbeidet med å sikre kvalitet i tenestene, effektiv ressursbruk og god folkevald styring.
- Tiltråding 13: Administrasjonssjefane må gjere seg opp ei meining om kva for tenking som har prega arbeidet med internkontroll i kommunen til no, og vurdere om andre modellar eller retningar vil høve betre for utviklinga framover.
- Tiltråding 14: Administrasjonssjefane bør basere den vidare utviklinga av internkontrollen på ein risikoanalyse.
- Tiltråding 15: Det er behov for rettleiing om gjennomføring av heilskaplege risikoanalysar i kommunane.
- Tiltråding 16: Kommunane bør basere seg mindre på uformell kontroll. Ei formalisering vil gjere kommunen mindre sårbar for skifte av personell, endringar i omgivnadene og habilitetskritikk og vil auke det organisatoriske minnet.
- Tiltråding 17: Kommunane bør i større grad nytte risikovurderingar i styringa av verksemda og særleg når ein skal definere innretninga på og omfanget av kontrollaktivitetar.
- Tiltråding 18: Kommunane bør i samanheng med behovet for auka formalisering av internkontrollen dokumentere internkontrollen i større grad.
- Tiltråding 19: Kommunane bør ha, bruke og halde ved like dokument som gjer greie for roller og ansvar. I tillegg bør kommunane i større grad inkludere kontrollansvaret i desse dokumenta.
- Tiltråding 20: Kommunane bør sikre arbeidsdelinga ved utforming og utføring av kontrollar. Prinsippet om arbeidsdeling vil seie at ein og same person ikkje skal vere ansvarleg for både aktiviteten og kontrollen.
- Tiltråding 21: Kommunane bør ha ei systematisk tilnærming til kompetanseutvikling og -sikring, gjennom opplæringstiltak og informasjon og ved rekruttering.
- Tiltråding 22: Kommunane bør i den løpande drifta av internkontrollen prioritere nok ressursar og prioritere naudsynt vedlikehald høgare. Sentralt i eit velfungerande vedlikehaldsregime er det at ansvaret for oppdatering/revidering av dokumentasjonen er tydeleg plassert. Det er vidare sentralt at oppdateringar/revideringar av til dømes risikovurderingar og dokumentasjon skjer regelmessig og i faste intervall, til dømes i eit internkontrollårshjul.
- Tiltråding 23: Kommunane bør etablere tiltak som sikrar god løpande informasjon og kommunikasjon til leiarar og medarbeidarar, og som sørgjer for at dei får naudsynt opplæring og kompetanse. Vidare må administrasjonssjefen ta ansvaret for å følgje opp internkontrollen systematisk og reagere ved avvik og brot.
- Tiltråding 24: Internkontrollarbeidet må henge saman med og vere del av organisasjonsutviklinga i kommunen.
- Tiltråding 25: Administrasjonssjefen bør årleg rapportere om arbeidet med internkontrollen til kommunestyret

13 Oversikt over tilrådingane i del 2

- Tilråding 26: Departementet bør vurdere korleis eit krav om at administrasjonssjefen skal rapportere til kommunestyret om arbeidet med internkontrollen, kan utformast og takast inn i kommunelova.

TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN MED ANSKAFFINGAR

- Tilråding 27: Kommunen bør ha tydelege retningslinjer for anskaffingar som mellom anna skil mellom rammeavtalar, direkteanskaffingar og avrop på rammeavtalar. Retningslinjene bør også ha beløpsgrenser for å skilje mellom ulike typar anskaffingar.
- Tilråding 28: Ansvar og roller i anskaffingsprosessen må definerast tydeleg. Særleg er det viktig å vere tydeleg på kva for anskaffingar som kan gjerast av resultateiningane sjølve, og kva for nokre som skal gjerast av staben. Det må òg definerast i kva tilfelle staben skal involverast undervegs.
- Tilråding 29: Ansvaret for anskaffingsprosessen bør vere tydeleg. Det vil seie ansvaret for policy og rutinar så vel som ansvaret for kontrollar for å sikre etterleving av prosesskrav og avtalar som kommunen har inngått.
- Tilråding 30: Kommunen bør lage eit system for oppbevaring av rammeavtalar, og avtalane må vere tilgjengelege.
- Tilråding 31: Kommunen bør lage eit system for kontraktsoppfølging som kan handtere endringsordrar og tilleggsarbeid. Dette området bør ha særskilde krav til kontrollaktivitetar som reduserer risikoen til eit akseptabelt nivå.
- Tilråding 32: Kommunen må ha kontrollaktivitetar knytte til bestilling, varemottak og utbetaling for å redusere risikoen for korrupsjon, mislegheiter og budsjettoverskridingar. Kommunen bør mellom anna ha rutinar for kontroll av fakturaer mot kontraktsvilkåra, bestilling og faktisk levering. Arbeidsdeling må sikrast.

FLEIRE TILRÅDINGAR OM INTERNKONTROLLEN

- Tilråding 33: Internkontrollen til administrasjonssjefen må omfatte finansforvaltninga og vere tilpassa den risikoen som finansreglementet opnar for å ta.
- Tilråding 34: Det er behov for rettleiing til folkevalde i kommunestyra og i kontrollutvala om finansforvaltning og kontrollen med finansforvaltninga.
- Tilråding 35: Departementet bør vurdere revisor sine oppgåver i samband med rekneskapsrevisjonen med sikte på å klargjere om revisor skal vurdere om finansforvaltninga er i tråd med finansreglementet.
- Tilråding 36: Departementet bør vurdere omtalen i kommunelova av internkontrollansvaret til dagleg leiar i kommunale føretak. Ein aktuell presisering i § 71 nr. 2 kan vere: "*Daglig leder skal sørge for at foretaket drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at det er gjenstand for betryggende kontroll.*"

Del 2 Aktørane og verkemidla i eigenkontrollen

- Tiltråding 37: Staten bør sørge for at kommunane får ei oppdatert oversikt over føresegner i lover og forskrifter som det er eit krav at dei følgjer opp med internkontroll.
- Tiltråding 38: Det er behov for ein rettleiar som gir konkrete råd til administrasjonssjefar og andre om arbeidet og utfordringane med internkontroll i kommunane. Rettleiaren bør mellom anna omtale gjennomføring av risikovurderingar, utforming av kontrollaktivitetar, oppfølging og vedlikehald av kontrollregimet og samspelet mellom internkontrollen og andre delar av eigenkontrollen og styringssystemet.

TILRÅDINGAR OM REKNESKAPSREVISJON

- Tiltråding 39: Det er behov for rettleiing retta mot til kontrollutvalsmedlemmene om kva revisor gjer i rekneskapsrevisjonen. Rettleiinga bør bidra til at ein unngår vanlege misforståingar om kva revisor gjer og ikkje gjer.
- Tiltråding 40: Det er behov for rettleiing om kontrollutvalet sitt påse-ansvar overfor rekneskapsrevisor. Kontrollutvala bør få vite om rolla til revisor, dei formelle krava til revisor og gode spørsmål som ein kan stille revisor for å etablere ein dialog og for å få informasjon om arbeidet hennar eller hans.
- Tiltråding 41: Kompetansen i kommunal revisjon bør kartleggjast.
- Tiltråding 42: Departementet bør vere svært tilbakehalde med å dispensere frå kravet til utdanninga til oppdragsansvarleg revisor, jf. revisjonsforskrifta § 11 tredje ledd. Dersom det blir dispensert, bør dispensasjonen berre gjelde for ein avgrensa periode.
- Tiltråding 43: Den som reviderer ein kommune, må som andre revisorar sørge for å ha eller skaffe seg tilstrekkeleg fagleg kompetanse.
- Tiltråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same.
- Tiltråding 45: Kontrollutvala bør be revisor orientere om det interne kvalitetsarbeidet sitt og om den kvalitetskontrollen ho eller han gjennomgår som medlem i NKRF eller andre organisasjonar.
- Tiltråding 46: Det bør vere statleg tilsyn med revisorar som reviderer kommunale rekneskapar, på linje med det som gjeld for revisorar som er omfatta av revisorlova. Tilsyn frå Kredittilsynet står fram som mest aktuelt. Statleg tilsyn bør utgreiast også når det gjeld forvaltningsrevisjon.
- Tiltråding 47: Det bør etablerast ei sertifiseringsordning for oppdragsansvarlege revisorar i kommunane, både for personar som driv rekneskapsrevisjon, og for dei som driv forvaltningsrevisjon. Ei utgreiing av ei sertifiseringsordning bør gjere greie for ordningar og erfaringar frå andre nordiske land. Utgreiinga bør òg sjå på konsekvensane av statleg tilsyn på dette området og vurdere mogleghetene for ein felles sertifiseringsordning for revisjon i kommunal og statleg sektor i Noreg.

13 Oversikt over tilrådingane i del 2

- Tilråding 48: Kommunane bør vurdere om det vil vere tenleg å skifte oppdragsansvarleg revisor seinast kvart sjuande år.
- Tilråding 49: Revisor bør orientere kontrollutvalet om kva ho eller han gjer i samband med å sjå etter at den økonomiske internkontrollen er ordna på ein "betryggende" måte og med forsvarleg kontroll. På bakgrunn av orienteringa bør kontrollutvalet vurdere behovet for å tinge forvaltningsrevisjon av den økonomiske internkontrollen og internkontrollen elles.
- Tilråding 50: Det kan vere behov for å klargjere kva som er innhaldet i og omfanget av revisor sine oppgåver når det gjeld den økonomiske internkontrollen etter revisjonsforskrifta § 3. Eit eventuelt arbeid med klargjering må ta utgangspunkt i gjeldande forskrift, og bør seie noko om behovet for å sjå etter internkontrollen (til dømes på særskilde område som anskaffingar) og om kva som følgjer av revisorlova § 5-1 andre ledd. Eit eventuelt arbeid kan òg ha som mål å utarbeide ein forklarande tekst som kan supplere dei merknadene KRD hadde til forskrifta i 2004.

TILRÅDINGAR OM FORVALTNINGSREVISJON

- Tilråding 51: Det er behov for nasjonal statistikk om bruken av forvaltningsrevisjon. Tal kvart fjerde år vil vere tilstrekkeleg.
- Tilråding 52: Rapporten etter ein forvaltningsrevisjon bør skrivast slik at han er lett å lese og lett å finne fram i. Samandraget bør skrivast slik at det kan lesast av alle samfunnsengasjerte innbyggjarar.
- Tilråding 53: Det bør leggjast stor vekt på den vurderinga av risiko som skal liggje til grunn for den overordna analysen. Arbeidet med den overordna analysen bør sjåast i samband med anna liknande arbeid som er gjort i kommunen, til dømes i samband med internkontrollen.
- Tilråding 54: Det er behov for rettleiing til medlemmene i kontrollutvalet om den overordna analysen med nokre døme på korleis slike analysar kan gjerast.
- Tilråding 55: Kontrollutvala bør leggje forvaltningsrevisjonsrapportar som er ferdigbehandla ut på nettet, så fram dei er offentlege.
- Tilråding 56: Det bør vere rettleiing og arenaer for erfaringsutveksling der kontrollutvala og sekretariata kan få kunnskap om korleis dei kan gjere gode tingar.
- Tilråding 57: Kommunane bør som eigarar eller tingarar utfordre revisjonseiningane på korleis dei organiserer verksemda og prosjekta, med tanke på å få høgast mogleg kvalitet på forvaltningsrevisjonane.
- Tilråding 58: Revisor bør orientere kontrollutvalet om korleis revisjonsarbeidet er planlagt, og kva det omfattar og ikkje omfattar. Kontrollutvalet har eit ansvar for å skaffe seg denne informasjonen, jf. kontrollutvalsforskrifta § 6.
- Tilråding 59: Kontrollutvala bør oppmode revisor til å gjere kontrollutvalet merksam på område der utvalet bør vurdere å tinge forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.

Del 2 Aktørane og verkemidla i eigenkontrollen

- Tiltråding 60: Eit tema for forskning er kva revisor i kommunane faktisk gjer som ledd i rekneskapsrevisjonen, mellom anna når det gjeld den økonomiske internkontrollen. Funna i kartlegginga bør samanliknast med lovverk, praksis og revisjonsstandardar, i Riksrevisjonen og i kommunesektoren i dei nordiske landa. Dette kan vere grunnlag for på eit seinare tidspunkt eventuelt å vurdere om det er behov for endringar i forskrifta, endringar når det gjeld revisjonsstandardar, rettleingsmateriell eller anna.

TILRÅDINGAR OM SELSKAPSKONTROLL

- Tiltråding 61: Departementet bør klargjere bruken av omgrepa om selskapskontrollen i kontrollutvalsforskrifta og revisjonsforskrifta.
- Tiltråding 62: Administrasjonssjefen bør sørge for at folkevalde og innbyggjarar lett kan finne informasjon med oversikt over selskap og anna som kommunen har eigarluter i. Lista bør òg vise kommunale føretak i kommunen, § 27-samarbeid, vertskommunesamarbeid og dessutan stiftingar som kommunen har vore med på å skipe.
- Tiltråding 63: Kommunane som eigarar bør avtale korleis selskapskontrollen best kan samordnast mellom eigarkommunane.
- Tiltråding 64: Departementet kan vurdere om samordningsansvaret for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon bør vere eit obligatorisk element i vedtektene for interkommunale selskap.
- Tiltråding 65: Som ei orientering til kommunane og kontrollutvala deira bør selskap med fleire kommunar som eigarar opplyse i årsmeldinga om dei selskapskontrollane som er gjennomførte i løpet av året.
- Tiltråding 66: Kommunelova § 80 bør endrast slik at føresegna heimlar innsyn i samarbeid etter kommunelova § 27 som er eige rettssubjekt. Ein aktuell ordlyd kan vere: "*I interkommunal eller interfylkeskommunal virksomhet som omhandlet i § 27, i interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner eier alle aksjer, og i heleide datter- og datterdatterselskaper til slike selskaper, har kommunens ...*"
- Tiltråding 67: Overskrifta i kommunelova § 80 bør endrast slik at ho dekkjer innhaldet i føresegna. Ein aktuell ordlyd kan vere: "Innsyn i selskaper mv."
- Tiltråding 68: Det er behov for forskning på selskapskontroll i samanheng med den samla folkevalde styringa og kontrollen med kommunalt åtte selskap, føretak og andre einingar. Forskinga kan vere eit grunnlag for eventuelt å vurdere endringar i regelverket, mellom anna reglane om selskapskontroll, for å sikre effektiv folkevald kontroll.
- Tiltråding 69: Det er behov for å forske på korleis kommunale føretak blir styrte, og kor effektiv kontrollen er, både med tanke på internkontrollen og på folkevald styring og kontroll.
- Tiltråding 70: Det er behov for nasjonal statistikk om bruken av selskapskontroll. Tal kvart fjerde år vil vere tilstrekkeleg.

13 Oversikt over tilrådingane i del 2

TILRÅDING OM KONTROLLEN MED LØYVINGANE TIL DEI KYRKJELEGE FELLESRÅDA

- Tilråding 71: Kommunane bør sikre at dialogen med fellesrådet er tilstrekkeleg og god.
- Tilråding 72: Dersom det er ønskjeleg lokalt, kan kommunen stille vilkår om kontroll med dei kommunale tilskota til fellesråda. Ein kan her tenkje seg eit vilkår om at kommunen har rett til å føre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene.

20 Oversikt over tilrådingane i del 3

TILRÅDINGAR OM SAMSPLET MELLOM KOMMUNESTYRET OG KONTROLLUTVALET

- Tiltråding 73: Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Tiltråding 74: Rolla som medlem i kontrollutvalet tilseier at ein ikkje tenkjer parti, men kontroll.
- Tiltråding 75: Det er behov for rettleiing om rolla og arbeidet som medlem i kontrollutvalet. Rettleiinga bør få fram hovudtrekk i dei forventningane og rettane som ligg til rolla som medlem i utvalet, mellom anna i lova og forskrifta. Rettleiinga bør òg få fram ulike personlege erfaringar om korleis kontrollutvalet og medlemmene kan lukkast med oppgåvene og ansvaret sitt. Rettleiinga bør vidare få fram korleis ordføraren, administrasjonssjefen, revisoren og sekretariatet kan medverke til at kontrollutvalet lukkast.
- Tiltråding 76: Kommunestyra må forstå og ta ansvaret for å leggje til rette for ein velfungerande eigenkontroll. Dette handlar òg om tilstrekkelege løyvingar.

TILRÅDINGAR OM SAMSPLET MELLOM KONTROLLUTVALET OG ADMINISTRASJONSSJEFEN

- Tiltråding 77: Kontrollutvalet bør sende kopi av møteinnkallingane sine til administrasjonssjefen for å halde henne eller han orientert.
- Tiltråding 78: Administrasjonssjefen bør trekkjast inn i arbeidet med den overordna analysen som ligg til grunn for planen for forvaltningsrevisjon.

TILRÅDINGAR OM SAMSPLET MELLOM REVISJONEN OG ADMINISTRASJONSSJEFEN

- Tiltråding 79: Det er behov for rettleiing retta mot kontrollutvalet som gjer greie for kva revisor ser etter i revisjonsarbeidet, kva for tilhøve administrasjonen må gi informasjon om til revisor, og rapporteringa frå revisor tilbake til kommunen.
- Tiltråding 80: Revisjonsrapportar bør ikkje vere offentlege før kontrollutvalet har motteke den endelege rapporten med innarbeidde merknader frå administrasjonssjefen. Offentleglova § 5 bør bli endra slik det same gjeld i kommunane som i staten (Riksrevisjonen).
- Tiltråding 81: Det bør vere tilstrekkelege moglegheiter til å nekte innsyn i dokument som blir sende mellom kontrollutvalet og revisoren på den eine sida og andre delar av kommunen på den andre. Det tilsvarande gjeld for dokument som blir sende mellom kontrollutvalet og revisoren. Offentleglova bør derfor evaluierast på dette punktet.

TILRÅDINGAR OM SAMSPLET MELLOM EIGENKONTROLLEN OG FYLKESMANNEN

- Tiltråding 82: Departementet bør avklare i kva grad kommunale revisorar kan og skal melde frå i tråd med krava i kvitvaskingslova.

Del 3 Samspelet mellom aktørane

- Tiltråding 83: Kommunane bør sørge for at tilsynsrapportar blir behandla på ein eigna måte i dei folkevalde organa i kommunen.
- Tiltråding 84: Sekretariatet bør sørge for å halde kontrollutvalet orientert om planar og rapportar frå statlege tilsynsmyndigheiter som har interesse for kommunen og kontrollarbeidet.
- Tiltråding 85: Fylkesmannen bør i samband med planlegging og gjennomføring av tilsyn halde seg orientert om planar og resultat i den kommunale eigenkontrollen. Det bør vere eit mål at kommunar ikkje får tilsyn på område der dei nyleg har gjennomført eller snart skal gjennomføre forvaltningsrevisjon. Dette bør gå fram av relevante styringsdokument frå departementa til fylkesmannen.



GISKE KOMMUNE

Staben

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS
Postboks 7881 Spjelkavik

6022 ÅLESUND

Dykkar ref.: Vår ref.: 09/1287-13 Arkiv: K1-, K2-A16, K3-&58 Dato: 13.04.2010

SPESIALPEDAGOGISK HJELP FØR SKULEPLIKTIG ALDER - OVERSENDER SLUTTRAPPORT FRÅ FYLKESMANNEN

Viser til Dykkar brev av 8.04.2010 der De ber om å få tilsendt Fylkesmannen sin sluttrapport etter tilsynet med Giske kommune etter opplæringslova § 5-7.

Den nemnde sluttrapporten følger vedlagt.

Med helsing

Arnfim Vartdal

pedagogisk konsulent

tlf.: 70 18 80 30

e-post: arva@giske.kommune.no

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.03.2010	AVSLUTTING AV TILSYN ETTER OPPLÆRINGSLOVA §5-7 I GISKE KOMMUNE	126655

Adresse:

Rådhuset

6050 VALDERØYA

Telefon:

70 18 80 00

Telefax:

70 18 80 01

Bankgiro:

3904 07 00300

7874 06 81183

E post:

post@giske.kommune.no



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Mottatt 16.03.10

Saksbehandlar, innvalstelefon
Rådgivar Kari Bachmann, 71 25 88 18

Vår dato
01.03.2010
Dykkar dato
11.02.2010

Vår ref.
2009/4956/KABA/631.1
Dykkar ref.

Giske kommune
Rådhuset
6050 Valderøya

GISKE KOMMUNE	
Arkivsak	09/1287-11
Løpnr.	10/2606
16 MAR 2010	
Arkivkode P	016 458
Arkivkode S	
Avd.	STA
Saksbeh.	Arva
Kassasjon	Gradering

Kopi:
SIE
Mgb.

Avslutning av tilsyn etter opplæringslova § 5-7, Giske kommune

Viser til tilbakemelding frå Giske kommune datert 11.02.10, om retting av avvik etter tilsyn.

I tilbakemeldinga gjer Giske kommune greie for dei tiltak som er sett i verk for å lukke avvika i høve tilsynet. For å sikre at alle barn skal få same mulegheit til å få den hjelpa dei har fått tildelt etter enkeltvedtak, skal kommunen no, ved pedagogisk konsulent, jamleg følge opp korleis denne hjelpa blir utført i praksis. Der ein ikkje får tilstrekkeleg med spesialpedagogar, skal timane fordelast i samråd med PPT. Slik fylkesmannen forstår det, skal PPT og spesialpedagogar i samarbeid med pedagogisk konsulent bidra til å kvalitetssikre all spesialpedagogisk hjelp til førskulebarn. Fylkesmannen registrerar at rutinen er sett i verk, og at kommunen også skal nedfelle den i kommunen si rutinesamling for spesialpedagogisk hjelp.

Vidare melder kommunen at dei sakkunnige tilrådingane og enkeltvedtaka om spesialpedagogisk hjelp berre skal omfatte den hjelpa som fell inn under opplæringslova § 5-7, og dermed ikkje omhandle til dømes ressursar til særlege tiltak for barn med nedsett funksjonsevne, jf barnehagelova § 13. Retningslinjer for dette tiltaket skal bli innarbeidd i kommunen si rutinesamling for spesialundervisning. Desse nye retningslinjene hindrar sjølvsagt ikkje at desse tiltaka i praksis kan bli sett i samanheng, både i planlegging og i gjennomføringa av tiltaka.

Fylkesmannen er nøgd med at Giske kommune på ein tilfredsstillande måte har tatt grep om dei forholda som ikkje var i samsvar med opplæringslova, og ser at dette arbeidet er eigna til å lukke avvika. Fylkesmannen reknar dette tilsynet som avslutta og takkar for dykkar samarbeid og tilrettelegging ved tilsynet.

Med helsing

Alv Walgermo
Alv Walgermo (e.f.)
Utdanningsdirektør

Kari Bachmann
Kari Bachmann

Postadresse:
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon:
71 25 84 43

Telefax:
71 25 85 10

E-post:
postmottak@fmmr.no

Web:
www.fylkesmannen.no



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Saksansvarleg
Komite for oppvekst	16.03.2010	010/10	SIR
Saksbehandlar	Arkiv:	Arkivsaknr	
Arnfinn Vartdal	K1-, K2-A16, K3-&58	09/1287- 10	

SPESIALPEDAGOGISK HJELP FØR SKULEPLIKTIG ALDER - TILSYN

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.02.2010	TILSYNSRAPPORT	121873
11.02.2010	SPESIALPEDAGOGISK HJELP FØR SKULEPLIKTIG ALDER - TILBAKEMELDING PÅ TILSYNSRAPPORT	124687
15.02.2010	utdrag rutiner for spesped.doc	124780

Saksutgreiing:

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med Giske kommune. Tilsynet skulle kontrollere om giske kommune oppfyller krava til spesialpedagogisk hjelp før skulepliktig alder, jf. opplæringslova § 5-7, og om Giske kommune har eit forsvarleg system for å ivareta dette, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Tilsynet vart gjennomført 17.09.2009. I tilsynsrapporten konstaterte Fylkesmannen to avvik:

Avvik 1. Giske kommune har ikkje eit system som i tilstrekkeleg grad sikrar at alle barn får same mulegheit til å få den hjelpa dei har fått tildelt og dermed har krav på etter opplæringslova § 5-7.

Avvik 2. Giske kommune har ikkje eit forsvarleg system for å sikre at enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7 blir fatta i samsvar med reglane i opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova § 24.

Giske kommune har no lukka avvika og sendt svar til fylkesmannen.

Vurdering:

Giske kommune meiner at vi har eit forsvarleg system for spesialpedagogisk hjelp, men ser at deler av rutinane bør presiserast. Avvik 1 kom fordi ein ikkje hadde gode nok rutinar for å omfordele timar til spesialpedagogisk hjelp ved fråver hos spesialpedagogane. Det er no nedfelt i rutinane at slik omfordeling skal gjerast. Avvik 2 handlar om at Giske kommune



GISKE KOMMUNE

6050 VALDERØYA

tildelte assistentressurs etter barnehagelova § 13 i enkeltvedtaket om spesialpedagogisk hjelp. Dette skal ikkje gjerast, og praksisen i Giske kommune blir no endra i samsvar med tilsynsrapporten.

Rådmannen sine merknader:

Ingen

INNSTILLING:

Komité for oppvekst tek saka til vitande.



GISKE KOMMUNE

Staben

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset

6404 MOLDE

Dykkar ref.: 2009/4956/KABA/631.1
Dato: 11.02.2010

Vår ref.: 09/1287-9

Arkiv: K1-, K2-A16, K3-&58

SPESIALPEDAGOGISK HJELP FØR SKULEPLIKTIG ALDER - TILBAKEMELDING PÅ TILSYNSRAPPORT

Giske kommune har mottatt tilsynsrapport etter tilsyn 17.09.2009. I rapporten vart det avdekt to avvik.

Avvik 1: "Giske kommune har ikkje eit system som i tilstrekkeleg grad sikrar at alle barn får same mulegheit til å få den hjelpa dei har fått tildelt etter enkeltvedtak og dermed har krav på etter opplæringslova § 5-7."

For å sikre at alle barn får same mulegheit til å få den hjelpa dei har fått tildelt etter enkeltvedtak, skal kommunen jamleg følgje opp korleis denne hjelpa blir utført i praksis. Når kommunen ikkje klarer å skaffe tilstrekkeleg spesialpedagogar, skal timane fordelast i samråd med PPT. Pedagogisk konsulent har ansvaret for å utføre denne oppgåva.

Pedagogisk konsulent skal ha regelmessig gjennomgang med PPT og spesialpedagogar for å kontrollere og eventuelt gjere endringar i den praktiske gjennomføringa for å sikre at alle barn har same rettane.

Rutinen er umiddelbart sett i verk, og vil bli nedfelt i kommunen si rutinesamling for spesialpedagogisk hjelp. Etter at kommunen har fått tilsett ny spesialpedagog, får alle barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp den hjelpa dei har rett på.

Avvik 2: "Giske kommune har ikkje eit forsvarleg system for å sikre at enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7 blir fatta i samsvar med reglane i opplæringslova § 5-3 og forvaltningslova § 24."

Giske kommune har tidlegare sett ressursane etter opplæringslova § 5-7 og barnehagelov § 13 under eitt. PPT har gitt tilråding om hjelp til barnet ut frå denne forståinga, og kommunen har difor ikkje sett det som eit avvik frå den sakkunnige tilrådinga når deler av assistentressursen har vore tildelt etter barnehagelova. Tilsynsrapporten slår fast at dette ikkje er i samsvar med gjeldande lov. Giske kommune vil difor endre praksis når det gjeld sakkunnige tilrådingar frå PPT.

Adresse:

Rådhuset

6050 VALDERØYA

Telefon:

70 18 80 00

Telefax:

70 18 80 01

Bankgiro:

3904 07 00300

7874 06 81183

E post:

post@giske.kommune.no



Sakkunnige tilrådingar skal vere gjort med utgangspunkt i opplæringslova § 5-7, jamfør "Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning" utgitt av Utdanningsdirektoratet. Vedtak skal vere fatta på grunnlag av den sakkunnige tilrådinga. Dersom vedtaket avviker frå sakkunnig tilråding, skal det særskilt grunngjevast kvifor kommunen meiner at barnet får eit opplæringstilbod som oppfyller retten til barnet. I dette tilfellet skal ein og rådføre seg med foreldra i utforming av det pedagogiske tilbodet.

Sakkunnig vurdering og vedtak om spesialpedagogisk hjelp i førskulealder skal ikkje omfatte ressursar til særlege tiltak for barn med nedsett funksjonsevne, jfr. barnehagelova § 13.

Retningslinjene for sakkunnig vurdering og vedtak blir innarbeidde i rutinesamling for spesialundervisning, sjå det vedlagde utdraget frå revidert rutinesamling.

Med helsing

Sindre Røsvik
Kommunalsjef

Arnfinn Vartdal
pedagogisk konsulent
tlf.: 70 18 80 30
e-post: arva@giske.kommune.no

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.02.2010	utdrag rutiner for spesped.doc	124780

Giske kommune

Rutinar for arbeid med spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7

1 Barn i førskulealder

Kommunen har som barnehageeigar eit overordna ansvar for at barnehagane har rutinar som sikrar kvalitet og eit likeverdig barnehagetilbod i kommunen. Kommunen har tilsynsansvar for dei private barnehagane og har ansvar for eit kvalitativt godt tilbod ved alle barnehagane. Kommunen har ansvar for å sikre at tiltak etter 5-7 i opplæringslova er i samsvar med lov og føresegner. Kommunen har ansvar for at alle barn som har rett til spesialpedagogisk hjelp i førskulealder, får eit slikt tilbod. Dette gjeld også barn som ikkje har barnehageplass.

Kommunen forvaltar statstilskot for tilrettelegging for funksjonshemma barn i barnehage. jf barnehagelova § 13 og kommunal ressurs til spesialpedagogisk hjelp etter 5-7. Ressursar til spesialpedagogisk hjelp og ressursar til tilrettelegging for funksjonshemma barn er i budsjettet samla under teneste 2111 (Styrka tilbod i førskulealder), og rådmannen er delegert mynde til å fordele ressursane og gjere vedtak om tiltak. Barnehagestyrarane har ansvar for å melde frå om behov for tilrettelegging og for å organisere tiltak for barna ut frå deira behov. Barnehagestyrarane har ansvar for at arbeidet med spesialpedagogisk hjelp er i samsvar med gjeldande lovverk (opplæringslova og barnehagelova) og at vedtekne prosedyrar vert følgde.

PPT er kommunen si sakkunnige rådgjevingsteneste (§ 5-6), og rådgjevande organ. PPT har også ansvar for å gje barnehagar, skular og vaksenopplæring rettleiing i saker som gjeld spesialundervisning. Dette gjeld både systemarbeid, utviklingsarbeid og enkeltsaker.

1.1 Sjekkliste

1.1.1 Vilkår for rett

Lovheimel – opplæringslova § 5-7: "Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbod om foreldrerådgjeving" (§ 5-7)

1.1.2 Kva opplæringstilbod som skal gjevast:

Den spesialpedagogiske hjelpa skal ha eit slikt innhald at det samla tilbodet kan gje barnet eit forsvarleg utbytte i samsvar barnet sine utviklingsmulegheiter og i høve til dei opplæringsmåla som er realistiske for barnet. Barnet skal vere sikra eit tilrettelagt og stimulerande opplæringstilbod.

1.1.3 Utgreiing av behov for spesialpedagogisk hjelp (§ 5-3)

1.1.3.1 Kven kan be om sakkunnig utgreiing av PPT:

- Dei føresette kan krevje at barnehagen utgreier om barnet treng spesialpedagogisk hjelp, og at barnehagen melder frå om dette til PPT.

Barnehagen har også eit sjølvstendig ansvar for at hjelpebehov blir vurdert og at saka går til PPT. Dei tilsette i barnehagen (pedagogisk leiar og assistentar) har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om eit barn treng spesialpedagogisk hjelp og å melde frå til styrar om dette.

- Førskulelærarar for spesialpedagogisk hjelp har ansvar for
- Dei føresette kan ta direkte kontakt med PPT og be om ei sakkunnig vurdering av barnet og om det treng spesialpedagogisk hjelp.
- Helsestasjonen og barnevernet er viktige samarbeidspartnar i høve til hjelpetiltak. og har eit sjølvstendig ansvar for kontakte PPT om sakkunnig vurdering av eit barn.

1.1.4 Samtykke (§ 5-4)

- Før det vert gjort sakkunnig vurdering og før det vert gjort vedtak, skal dei føresette gje samtykke.
- Merk: Dei føresette skal alltid skrive under på tilmeldingsskjemaet til PPT.
- Når barnet byrjar i skulen skal barnehagestyrar innhente samtykke frå foreldra om kva opplysningar som skal overførast til skulen.

1.1.5 Brukarmedverknad (§ 5-4)

- Tilbodet om spesialpedagogisk hjelp skal så langt råd er, formast ut i samarbeid med dei føresette, og det skal leggast stor vekt på deira syn.
- Både barnehage, PPT og vedtaksorgan har ansvar for at samarbeidet med foreldra blir ivareteke på ein god måte og at § 5-4 om brukarmedverknad blir ivareteken.

1.1.6 Krav om sakkunnig tilråding (§ 5-3)

Før det vert gjort vedtak om spesialpedagogisk hjelp, skal det gjerast ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova som barnet har for tilrettelegging etter opplæringslova § 5-7. Den sakkunnige vurderinga skal greie ut om og ta stilling til:

- Sein utvikling eller lærevansker hos barnet og andre forhold som er viktige for barnet si utvikling.
- Realistiske mål for barnet si utvikling og læring.
- Kva slag spesialpedagogisk hjelp som vil gi barnet ei forsvarleg utvikling
- Tilråding om rett/ikkje rett til spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 5-7
- Tilråding om ressursomfang med utgangspunkt i faglege mål og organisering

1.1.7 Enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp

1.1.7.1 Innhald i vedtaket

- Lovheimel for vedtaket
- Rett/ikkje rett til spesialpedagogisk hjelp
- Kor lenge gjeld vedtaket (tidsrom)
- Omfanget av ressursar til spesialpedagogisk hjelp.
- Grunnlag for å gjere vedtak (kort oppsummering av faktiske forhold ut frå PPT si sakkunnig vurdering)
- Kva opplæringstilbod barnet skal ha (målsetting)
- Tilrettelegging ved hjelp av ressursar og om organisatoriske tiltak
- Dersom vedtaket frå kommunen avvik frå den sakkunnige vurderinga, skal grunngevinga for vedtaket blant anna vise kvifor kommunen meiner at

barnet likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller retten etter opplæringslova § 5-7. (sjå opplæringslova § 5-3).

- Det skal stå i vedtaket at det skal utarbeidast individuell opplæringsplan (IOP), og vedtaket skal gje ei kort skisse av innhald.
- Det skal opplysast i vedtaket at foreldra har rett til fritak for betaling i barnehage for den tida som blir brukt til spesialpedagogiske tiltak.
- Det skal opplysast om klagerett etter forvaltningslova (Kven klagen skal stilast til, innsynsrett, klageinstans, klagefrist (3 veker etter at vedtaket er motteke)

1.1.8 Individuell opplæringsplan (IOP), (§ 5-5, første ledd)

Opplæringslova stiller ikkje krav om at det skal utarbeidast IOP for spesialpedagogisk hjelp i førskulealder.

1.1.8.1 Innhaldet i ein IOP (grunnlag/prinsipp)

- Sakkunnig tilråding frå PPT
- Enkeltvedtaket
- Brukarmedverknad (drøfting med dei føresette) Dei føresette skal underskrive IOP-en før den blir gyldig. Kopien av IOP, med nødvendige underskrifter, skal til PPT og kommunen.
- Pedagogisk kartlegging der det blir gitt ei oversikt over barnet sine sterke sider, etablert kunnskap og ferdigheiter, føresetnader, vanskar og moglegheiter for læring
- Hovudmål - utviklings- og læringsområde og langsiktige mål
- Delmål – innhald, lærestoff, læremiddel og arbeidsmåtar
- Organisering
- Plan for evaluering
- Ein IOP kan måtte justerast i løpet av barnehageåret ut frå evalueringar som vert gjort.

MERKNAD:

Ein IOP skal gje dei føresette konkret informasjon om opplæringstilbodet. IOP er ein del av enkeltvedtaket. I praksis vil det vere vanskeleg å gje god informasjon om opplæringstilbodet på det tidspunkt det vert gjort enkeltvedtak, og må utarbeidast snasast mogeleg etter at vedtak er gjort.

1.1.9 Iverksetjing av spesialpedagogisk hjelp

Når kommunen har gjort vedtak om spesialpedagogisk hjelp, skal dette setjast i verk utan opphald. Kommunen pliktar å sjå til at tiltaket kan gjennomførast. Pedagogisk konsulent skal i samarbeid med PPT sjå til at alle barn som har fått vedtak om spesialpedagogisk hjelp, til ei kvar tid får den hjelpa dei har krav på.

Pedagogisk konsulent skal ha regelmessig gjennomgang med PPT og spesialpedagogar for å kontrollere og eventuelt gjere endringar i den praktiske gjennomføringa for å sikre at alle barn har same rettane.

1.1.10 Krav til halvårleg rapportering (§ 5-5)

For å følgje opp den individuelle opplæringsplanen, skal barnehagen kvart halvår skrive ein rapport om kva opplæring barnet har fått og korleis det går med barnet i høve til dei måla som er oppsett i planen. Evalueringa skal seie noko om det er nødvendig å endre og/eller styrke opplæringa undervegs i barnehageåret/for neste år.

Barnehagestyrar har det formelle ansvaret for at den lovpålagde rapporten vert utarbeidd. Rapporten skal utarbeidast i fellesskap av styrar, pedagogisk leiar, førskulelærer og assistent. Førskulelærer og pedagogisk leiar har ansvar for innhaldet. Førskulelærer for spesialpedagogisk hjelp skriv rapporten. Rapporten skal sendast dei føresette og med kopi til PPT og kommunen sitt arkiv.

1.2 Plan for rutinar gjennom skuleåret – "Årshjulet"

Prosedyre	Frist	Ansvar
<p><u>IOP:</u> På grunnlag av enkeltvedtak og sakkunnig vurdering blir det utarbeidd ein individuell opplæringsplan (IOP), eller eksisterande IOP vert gjennomgått og rullert. Merk: Brukarmedverknad frå dei føresette! IOP er grunnlag for meir konkrete arbeidsplanar gjennom året. Dei føresette skriv under IOP når den er ferdig utarbeidd (jf brukarmedverknad. IOP skal skrivast under av barnehagestyrar og førskulelærer for spesialpedagogisk hjelp. Underskriven IOP skal så sendast dei føresette (originalen), med kopi til PPT og det kommunale saksarkivet (kommunens postmottak). Ein kopi skal oppbevarast i barnehagen sitt arkiv.</p>	1. okt. eller så snart råd er, når nye enkelt-vedtak vert gjort i løpet av året.	Barnehagestyrar har overordna ansvar! Pedagogisk leiar førskulelærer - sp
<p><u>Novembermøtet:</u> I løpet av november besøker PPT barnehagane for å drøfte enkeltsaker og behov for tiltak komande barnehageår. Det vert også drøfta om andre barn (nn) har / behov for hjelpetiltak</p>	I løpet av november	PPT
<p><u>Halvårsrapport – haust</u> Halvårsrapport om spesialpedagogisk hjelp skal sendast føresette med kopi til kommunen sitt arkiv og til PPT (kommunens postmottak)</p>	1. januar	Barnehagestyrar Pedagogisk leiar og førskulelærer SP
<p><u>Tilmelding til PPT om sakkunnig vurdering:</u> Barnehagestyrar og føresette melder frå til PPT om ny sakkunnig vurdering (Eige meldeskjema) Det skal vere ny sakkunnig tilråding for kvart barnehageår. Ved overgang til skule har rektor ansvar for tilmelding til PPT om sakkunnig tilråding for 1. klasse. Barnehagestyrar har ansvar for å få føresette sitt skriftlege samtykke om skulen får tilgang til opplysningar om tiltak i førskulealder (eige skjema).</p>	15. januar	Barnehagestyrar Rektor
<p><u>Sakkunnig vurdering / tilråding</u> PPT gir sakkunnig tilråding om behov/ikkje behov for spesialpedagogisk hjelp til føresette, med kopi til kommunen sitt arkiv (kommunens postmottak)/</p>	1. april	PPT

inngående brev til saksbehandlar) Dette gjeld også logopedtiltak ved omfang over ca 4 timar totalt. Logopedtiltak: kopi til kommunal logoped.		
Enkeltvedtak Rådmannen (v. saksansvarleg konsulent i stab gjer enkeltvedtak om rett/ikkje rett til spesialpedagogisk hjelp (også større logopedtiltak). Kopi PPT. Føresette har rett til å uttale seg før vedtak vert gjort. Førsette har partsrettar og klagerett etter forvaltningslova.	1. mai	Rådmannen Saksansvarleg konsulent i stab
Klagerett Eventuell klage på vedtaket skal sendast skriftleg og med grunngjeving til vedtaksorganet (rådmann / saksbehandlar). Brevet skal sendast til postmottaket i kommunen.	3 veker etter at vedtak er motteke	Føresette
Klagebehandling: Vedtaksorganet kan gjere om vedtaket viss det ligg føre nye opplysningar i saka. eller kan fasthalde vedtaket og klagesaka vert sendt til fylkesmannen i Møre og Romsdal. Klagen skal sendast p fastsett skjema og med alle nødvendige dokument som vedlegg.	1. juni	Rådmannen Saksansvarleg konsulent i stab
Overføringsmøte barnehage/skule: Det skal vere eit møte der nødvendig informasjon om barnet blir gitt til skulen. Førsette skal gje skriftleg samtykke om kva opplysningar og dokument som kan overførast. For barn med store funksjonshemmingar skal eit slikt møte haldast. 2-3 år før barnet byrjar i skulen p.g.a nødvendig fysisk tilrettelegging ved skulen og oppbygging av kompetanse i lærarkollegiet.	Mai – juni	PPT Barnehagestyrar Pedagogisk leiar Førskulelærarar sp. Ev. ansvarsgruppe 2. linjeteneste Også rektor må sjå til at dette vert gjennomført!
Halvårsrapport – vår Halvårsrapport om spesialpedagogisk hjelp skal sendast føresette med kopi til kommunen sitt arkiv og til PPT (kommunen sitt postmottak)	1. juli	Barnehagestyrar Pedagogisk leiar Førskulelærar sp

MERKNAD:

Årshjulet er rettleiande! Gjennom heile året vil det kome meldingar til PPT om barn som har behov for særskild tilrettelegging. PPT gir sakkunnig tilråding og det vert gjort enkeltvedtak fortløpande. PPT avtalar med barnehagestyrar om tidspunkt for observasjonar, møter og anna rettleiingsarbeid.